Referat frå årsmøtet i Stavanger Bordtennisklubb 20.04.2013

Sak 1: Godkjenne dei som kan stemma

Til stades: 10 medlemmer med stemmerett (betalt medlemskontingent og over 15 år), ca 10 utan stemmerett.

2. Godkjenna innkalling og sakliste

Innkallinga var kunngjort på på http://sbtk.org 9. april. Sakliste vart delt ut på årsmøtet.
Mikael Nickel kommenterte at at innkallinga burde vore sent ut på e-post i tillegg.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent av årsmøtet

3. Valg av dirigent, sekretær og to representantar til å skriva under protokollen.

Årsmøtet valde desse:
Dirigent: Kjetil Sætre
Referent: Roald Lygre
Protokoll: Ragnar Leffmann og Rune Skretting

4. Årsmelding.

Årsmeldinga vart godkjent med følgjande kommentarar, som vil bli innarbeidd og årsmeldinga sendt ut på nytt:

-Det manglar informasjon om dei to laga som har spelt i 5. divisjon
-Klubben har gjeve reisestøtte til dei som har vore på stemne.

Andre kommentarar og spørsmål:
-Ragnar understreka kor avhengig økonomien, og dermed aktiviteten i klubben er av vellukka avvikling av Siddistreffen. Kjetil opplyste om at me er tildelt Norgescup 2 dei to neste åra.
- Kristoffer Vistvik spurde om me kan arrangera NM for yngre. Kjetil svara at dersom me gjer ein god jobb med å arrangera Siddistreffen til hausten, så kan me eventuelt søka for året etter.

5. Rekneskap

Den reviderte rekneskapen vart godkjent.
Det vart presisert at Grasrotandelen, ca kr 6700 er ført under "Diverse inntekt".
I utgifter til Siddistreffen er også 12000 til tre PCar, som vil bli brukt ved seinare arrangement.

6. Fastsetja medlemskontingent.

Årsmøtet fastsette medlemskontingenten til kr 50. Styret vil fastsetja treningsavgift.

7. Valg

Styre:
Valgkomiteen si innstilling til nye styremedlemmer i staden for dei to som går ut: Kjetil Sætre og Bente Høiland

Nytt styremedlem: Rune Skretting
Ny formann: Roald Lygre

Vedtak: Valgkomiteen sitt forslag vart vedteke ved akklamasjon.

Ny valgkomite.
Vedtak: Kjetil Sætre vart valgt ved akklamasjon. Styret får i oppgåve å finna ein medlem til i valgkomiteen.

Ny revisor
Vedtak: Mikael Nickel vart valgt ved akklamasjon.

Møtet vart heva klokka 19:45